

RETNINGSLINER FOR FULLFØRT SAKSBEHANDLING (ark.sak 13/378-april 2016)

Bakgrunn:

Prinsippet om fullført saksbehandling er vedteke av kommunestyret i Vang alt før årtusenskiftet. Dette er i dag eit sjølv sagt prinsipp innan kommunal forvaltning og treng slik sett ikkje særskilt heimling i vedtak.(Gamle vedtaket står.)

Definisjon:

Siktemålet med fullført saksbehandling er at saka blir framstilt kun ein gong, og at denne saksbehandlinga tek høgde for å samle, vurdere opplysningar og lage framlegg som kan brukast til og med eventuell sluttbehandling i kommunestyret.

Momentliste for saksbehandling/ fullført saksbehandling:

1. Inndeling av saka: Det er viktig at saksbehandlaren let det gå klårt fram i saka kva som er FAKTISKE OPPLYSNINGAR, og kva som er saksbehandlar si VURDERING. Desse må ikkje blandast saman, jfr saksmalen i Acos.
 2. Tidsplan for saksarbeidet: Når ei sak kjem inn/ oppstår, må det leggest ei realistisk plan som gjev grunnlag for å ivareta alle omsyn knytt til fullføring av saka fram til utsending til politisk behandling ; utpeiking av saksbehandlar, innhenting av saksopplysningar, vurdering og drøfting av framlegg til vedtak.
 - Innhenting av saksopplysningar: Saksbehandlar har ansvar for å hente inn aktuell informasjon i saka: Det kan vere både utanfrå ift. for eksempel supplering av ein søkad eller internt ift. andre fagområde/etatar som kan ha relevant relevante opplysningar for å opplyse saka tilstrekkeleg.
 - Drøfting av saka med rådmannen/ den som har delegert mynde frå rådmannen til lage framlegg til vedtak: Dette bør/må seinast skje når alle faktiske opplysningar er henta inn og ordna av saksbehandlar. Drøftinga kan vere meir eller mindre omfattande alt etter kva saka gjeld.
 - Det er ei klart prinsipp at saksbehandlar har rett til å framstille og få legge fram si faglege vurdering i saka.
 - Det er like klart at det er rådmannen/ representant for rådmannen som har rett til å bestemme framlegg til vedtak.

Rådmannen vil oppfordre alle til å vise klokskap i spenningsfeltet som kan vere mellom rein fagleg vurdering og ei samla/ overordna vurdering i ei sak. Det er tenleg om drøftinga gjev rom for at saksbehandlar om rådmannen saman finn fram til forslag i saka. Her vil imidlertid rådmannen presisere at både han sjølv og den som har rett til å fremje forslag på vegne av rådmannen har eit særskilt ansvar for å tolke situasjonen slik at saksbehandlar sin faglege integritet blir respektert.
 3. Framgangsmåte der rådmann sitt framlegg til vedtak avvik frå saksbehandlar si vurdering:
 - Saksbehandlar si vurdering skal gå fram av saka.
 - Rådmannen / representant for rådmannen skal i eit tilleggspunkt skrive inn si vurdering som grunngeiv kva framlegget til vedtak bygger på. (Dette er viktig for at det skal vere samanheng mellom vurdering og framlegg til vedtak.)
 4. Deltaking i møte:
 - Det er rådmannen som bestemmer kven som skal møte frå administrasjonen. Ofte vil saka vere best tent med at saksbehandlar også møter som den som kjenner saka/ saksfeltet best.
 - Administrasjonen skal ikkje delta i diskusjon i møtet, men kan peike på/ halde fram moment i saka og supplere med nye opplysningar som er komne til.
-